

# Denne gongen er annleis

Mykje tyder på at norsk økonomi for tida står ved eit vesentleg vendepunkt. Utsiktene er prega av to markante brot. Det første er eit strukturelt brot i den årlege trendveksten for norsk økonomi, som har falt frå rundt 3 prosent til like over 2 prosent dei siste åra. I tillegg kjem eit konjunkturmessig brot med utspring i olje- og gassaktiviteten, som no vender nedover etter 15 år med nærmast kontinuerleg oppgang. I karakter og kaliber er dermed denne konjunkturedgangen annleis enn før.

Fleire trekk ved norsk økonomi aukar uroen rundt utsiktene for dei nærmaste åra. Høge løner og låg vekst i produktiviteten reiser utfordringar for konkurransevna i norsk næringsliv og for effektiviteten i offentleg sektor, som no utgjer nærmare 60 prosent av fastlandsøkonomien. I tillegg er staten sine inntekter frå olje- og gassverksemda reduserte som følge av halveringa av oljeprisen det siste året. Etter som den låge oljeprisen no bremsar investeringane og produksjonen på norsk sokkel, kan bortfallet av olje- og gassinntekter bli enno meir markant nokre år fram i tid.

På den positive tyder ellers mykje på at veksten hos handelspartnerane kan være på veg opp, mellom anna på grunn av den låge oljeprisen. Vidare har kronekursen respondert i favør av konkurransevna og lønsveksten er på veg ned, slik at utgangspunktet for konkurranseutsette fastlandsnæringer er betre enn for 1-2 år sidan.

Samstundes har den internasjonale flyktning-krisa dukka opp som ein joker for norsk økonomi og politikk, med økonomiske utfordringar som skjerp krava til politiske prioriteringar på kort sikt, og med uavklarte strukturelle verknadar på norsk økonomi og arbeidsmarknad på lengre sikt.

Situasjonen reiser dermed utfordringar for tilpassinga av den økonomiske politikken. Så langt har pengepolitikken oppfylt rolla som førstelinjeforsvar, og norske renter er i dag på eit historisk lågmål. Rentereduksjonen er på sin plass, og sett fart i omstillinga av ressursbruken frå olje- og gassnæringa over mot meir tradisjonelle konkurranseutsette verksemdar i fastlandsøkonomien.

For finanspolitikken er utfordringa truleg meir kompleks. Om oljeprisfallet har innslag av varig karakter, så betyr det at ressursrikdommen er redusert. Dette tilseier varsemd i omgangen med offentlege utgifter. Om finanspolitikken blir for ekspansiv, kan han i tillegg bremse omstillinga me no treng for å løyse dei strukturelle utfordringane knytt til tilbakeslaget.

Samstundes har finanspolitikken ei rolle å spele for å halde arbeidsstyrken ved lag, slik at norsk økonomi ikkje tapar ressursar ein treng til vidareutvikling, vekst og velferd på lengre sikt. Spesielt viktige i denne samanheng er kanskje dei som er unge og nyutdanna, etter som arbeidsløyse denne delen av arbeidsstyrken kan få vesentlege og varige verknadar på yrkesdeltakinga, både for den enkelte og for norsk økonomi.

Så stort som Oljefondet har blitt, må ein i tillegg vokte seg vel for ei utvikling der veksten i dei offentlege utgiftene medfører nettopp den oppblåsinga av norsk økonomi som Oljefondet i utgangspunktet skulle verne oss mot. Sist, men ikkje minst må finanspolitikken ha økonomisk bærekraft. Utgiftene i dag kan ikkje være så høge at dei truar omsynet til langsiktig balanse i statsfinansane.

Fordi denne gongen er annleis, er det spesielt verdifullt at Noreg har ein særeigen redskap for å greie ut grunnlaget for den økonomiske politikken. Ingen andre land har eit Nasjonalbudsjett, som vev norsk økonomi inn i det store internasjonale bakteppet og klargjer utgangspunktet for utforminga av den økonomiske politikken på så grundig vis.

Nasjonalbudsjettet sett økonomifaget i høgsetet, og gir samfunnsøkonomar flest noko å boltre seg i. Difor er me glade for å presentere gjestekommentarar til Nasjonalbudsjettet 2016 frå fire framifrå samfunnsøkonomar, som kvar på sitt vis reflekterer over ulike sider ved grunnlag og innretting av den økonomiske politikken i Noreg.

God lesing!

Klaus Mohn.